



## Reglar om bistilling/biarbeid ved Høgskulen i Volda

Vedteke av styret 22.1.2009, Sak 06/2009. Arkivreferanse sak 2008/103 – arkivkode 015.1

- Med biarbeid forstår vi her eit kvart arbeid – tilfeldig eller permanent – løna eller uløna – som blir utøvd på sida av det som blir rekna som arbeidstakaren si hovudstilling.
- Bistilling/biarbeid for dei vitskapleg tilsette har ofte positive effektar for HVO når det gjeld undervisning, forskning og informasjon. Biarbeid kan bidra til kontakt mellom fagmiljø og det kan synleggjere den kompetansen høgskulen har.
- Tilsette i undervisnings- og forskarstillingar har høve til å ta på seg engasjement som timelærer eller ha bistilling ved ein annan institusjon innafor ordinær arbeidstid når dette arbeidet ikkje hemmar eller sinkar det ordinære arbeidet, skadar høgskulen sitt rykte eller fører til samanblanding av eigne/oppdragsgjevar sine eller høgskulen sine ressursar. Det er ein føresetnad at arbeidet i ordinær stilling, blir teke att til andre tider eller at ein avtalar redusert arbeidstid med avkorting av løn. Samla tidsbruk til biarbeid kan ikkje overstige 20% av heil stilling.
- Tilsette har ikkje høve til å levere varer eller tenester til høgskulen i regi av eige føretak.
- Biarbeid må ikkje stå i eit konkurranseforhold til HVO si verksemd. Før ein tek på seg slike oppgåver, skal det føreleggast/avtalast med næraste overordna ved HVO.
- Det skal vere openheit om biarbeidet til tilsette.
- Døme på biarbeid der det er tilstrekkeleg med munnleg orientering: medlem av offentlege, nasjonale og internasjonale utval og komitear, offentleg utgreiingsarbeid, medlem av styringsorgan i Noregs forskingsråd, oppgåver for randsona av avgrensa omfang og ikkje varig, sensurarbeid, gjesteførelesingar.
- Biarbeid som er langvarig og omfattande skal ein avtale skriftleg med avdelingsleiinga. Det skal gå fram korleis arbeidet ved eigen institusjon skal gjennomførast, om og eventuelt kor mykje av hovudstillinga som skal reduserast med tilhøyrande lønsreduksjon. Døme på slikt biarbeid er II-stilling ved andre utdanningsinstitusjonar.
- Høgskulen skal ikkje bere kostnader til infrastruktur eller andre kostnader som måtte følgje av biarbeid utan at det er gjort eksplisitt avtale om det.
- Brot på reglane om bistilling/biarbeid kan føre til sanksjonar i samsvar med tenestemannslova.

### Sentrale heimelsdokument

Hovudtariffavtalen pkt. 1.1.4 Etske retningslinjer for staten pkt. 4.2 Retningslinjer for statstilsette sin rett til ekstraverd, Statens Personalhåndbok pkt 10.13 og 10.14 Regelverk for statens anskaffelsesvirksomhet mv, forskrift for kjøp av varer og tenester i staten §3, forskrift om kontrahering av bygge- og anleggsarbeider til staten §7 Tjenestemannsloven, forskrift §5b Reglement om statlige universiteter og høgskolers forpliktende samarbeid og erverv av aksjer